



Gruppearbeid med representantar frå Klatreklubben i Idrettslaget, Uskedal båtlag og SparebankStiftinga.

Uskedal utvikling hadde venta betre frammmøte på møte i kveld med tema: Bruk av kjellaren i Gamleskulen. Det kom likevel fram mange gode framlegg som styret må arbeida vidare med i prosjeteringa fram mot ei ferdigstilling. Ein førebels konklusjon er at ein ikkje vil binda bruken opp til ei bestemt brukargruppe, men heller tenkja fleirbruk med aktivitetar som ikkje kjem i konkurranse med det ein alt har i bygda.

Etter synfaring i kjellaren og i 3. etasje vart det lagt opp til gruppearbeid. Av synspunkta som kom fram, tek vi med dette:

- Musikklaget har i dag eit lite lager på hovudplan. Bjørgulv Eik målbar deira ynskje om større lagerplass, gjerne i kjellaren, men også på lemen. Andre lag har signalisert det same behovet
- Helselaget med sin helsetrim ynskjer golv plass der ein slepp rigga om rommet for kvar trening, slik ein har det i dag i kafearealet. Kjellaren med varme i golvet vil vera eit godt eigna rom
- Kjellaren eignar seg godt for utstillingar, julemesse og marknader
- Ungdomsklubben på lemen er ikkje aktiv for tida. Kjellaren vil vera ein god plass, men då må lokalet innreiast og utstyrast for det føremålet med sovagruppe, datakrokar, plass for spel m.m.
- Det kom ikke fram på møte, men nokre har nemnd dette med eit hobbyrom med verkstadaktivitetar
- Det vart stillt spørsmål om det er trong for to toalett på kjellarplan. Kunne eit av desse romma vore brukt til lager eller kontor
- Klatreklubben i Idrettslaget ynskjer plass for buldring, grunnleggjande klartreaktivitetar i låg høgde med matter som underlag. Representant frå Klatreklubben likte det han såg av areal på lemen
- Kafeareale på hovudplan er alt for lite i dag. Kva om ein tek bort tre små lagerrom og fører rommet tilbake til slik det var som klasserom.

Styret har fått mange gode innspel. No må ein bruka våren på å koma fram til ei god løysing med ferdige arbeidsteikningar og kostnadsrekning. Dermed skal ein vera klar for å fremja saka med søknader på

hausthalvåret.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gruppearbeid med Bjørgulv Eik (Musikklaget), Berit H. Myklebust (Helselaget) og Gunn Mari Moberg (Uskedal utvikling)